



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Stalheim Hotell
v/Ingrid Tønneberg

5715 STALHEIM

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2016/4485-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 21.12.2016

Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til hogst og utsiktsrydding mellom Stalheim Hotell og Sivlesteinen

Delegert vedtak

Delegeringssak (DS)

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Nærøyfjorden verneområdestyre 30.11.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Stalheim Hotell ved Ingrid Tønneberg får løyve til å hogge skog på eit areal på inntil 10 daa mellom Stalheim Hotell og Sivlesteinen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 h), og gjeld med fylgjande vilkår:

- Hogsten skal utførat på ein slik måte at kulturminne som steinmurar og kongevegen ikkje vert skada.
- Hogsten skal avgrensast til område som er avmerkt på kart i søknaden.
- Stiar og vegar i området må ikkje sperrast med tre og hogsavfall.
- Særmerkte og dekorative tre, og daude tre skal ikkje fellast.
- Det skal sendast rapport med bilde av arbeidet til sekretariatet for verneområdet etter arbeidet er slutført.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stalheim Hotell om hogst og utsiktsrydding, 16.12.2016
- Uttale frå Voss kommune


Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008


Stalheim Hotell v/Ingrid Tønneberg søker om å få rydda skog på eit areal på ca 10 daa langs den gamle kongevegen mellom Stalheim Hotell og Sivlesteinen. Dette er eit område som frå gammalt av var slåttemark og beite, men er vakse til med skog. Tønneberg ynskjer å få hoggja vekk skogen for å få betre utsikt til Stalheimskleiva og Nærøydalen. Det er inngått ein 10-års avtale om beiting av område som skal hoggast. Beite med sau skal hindre nytt stort oppslag av skog.



Tønneberg har søkt Voss kommune og Fylkesmannen i Hordaland om tilskot til utsiktsryddinga. Voss kommune er positive til tiltaket, og meiner tiltaket vil vera positivt både for turismen i området og for landbruket med auka beiteareal.



Utklipp frå fylkesatlas, Stalheim



Kopi frå søknad. Hogstområde markert «Utsiktsrydding»

Lovgrunnlaget

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreatforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». I følgje verneforskrifta § 3 punkt 1.1 b) er det ikkje lov med «...endring av naturleg treskag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og dauge tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet». Hogst kan gjennomførast på flater inntil 5 daa jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.2 d). Skogsdrift på flater større enn 5 daa er søknadspliktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 h).

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

Området som det er søkt om skogrydding på ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Stalheim er ein av innfallsportane til landskapsvernområdet og verdsarvområdet med det høgaste besøkstalet. Frå Stalheim er det flott utsikt mot Stalheimskleiva, Nærøydalen og Jordalsnuten. Det er ikkje kjente førekomstar av trua naturtypar eller artar i tiltaksområdet etter tilgrensande område (Naturbase 19.12.2016). Området er rikt på kulturminne med både Stalheimskleiva, Sivlesteinen, den gamle kongevegen og murar i kulturlandskapet. Stalheimskleiva vart bygd mellom 1842 og 1849, og er i dag eit freda kulturminne. Området er godt kartlagt gjennom verneprosessen og gjennom arbeid med forvaltningsplan for området. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdera denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt i saka.

Store deler av kulturlandskapet på og rundt Stalheim er prega av attgroing med skog på grunn av blant anna mindre landbruksaktivitet med slått og beiting. Område som det er søkt om hogst på har i dag tettvaksen blandingsskog av lauvtre. Aralet grensar til eit opent innmarksareal, og har ein natuleg overgang frå innmark til beite. Målet med hogsten er å opne opp att tidlegare beiteområde. I verneforskrifta er det krav om driftsplan for flatehogst på større areal enn 5 daa. I fylgje fylkesskogmeister hjå Fylkesmannen i Hordaland, kan ikkje denne type hogst reknast som eit skogbrukstiltak, og det er difor ikkje naturleg å utarbeida driftsplan for hogsten. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det ikkje er naudsynt med driftsplan i dette tilfellet.

Det meste av skogen skal hoggast, men søker opplyser at dei vil setja att ein del tre på arealet. Dersom det er tre som er særmerkte i område, eller er spesielt dekorative, må desse stå att. Området vil fortsatt ha rik førekomst av lauvtreartane som vert tatt vekk i hogsten. Forvaltar meiner hogst av skogen i det planlagte område ikkje vil endra på landskapet vesentleg, og vil vera positivt for opplevinga av både kulturlandskapet på Stalheim, og for opplevinga av naturområdet Stalheim og Nærøydalen. Forvaltar vurderer tiltaket til ikkje å gje auka belastning på økosystemet i området jf. nml. § 10.

Hogsten i området skal gjennomførast utan bruk av motorisert ferdsel i området. Traktor og anna køyretøy vil berre verta nytta på eksisterande køyreveggar. Hogst må føregå skånsamt i terrenget for ikkje å skada kulturminne som steingardar og ferdselsveggar. Forvaltar vurderer plan for hogsten som miljøforsvarleg jf. nml. § 12. Hogst av lauvskog vil gje rask gjennvekst av ny skog. Ved at området vert nytta som beiteområde for sau, vil etablering av ny skog bremsast, og det vil verta mindre arbeid med etterrydding.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, vurderer forvaltar tiltaket til ikkje å vera i strid med verneføremålet, og gjev løyve til at tiltaket kan gjennomførast.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Fylkesmannen i Hordaland	Pb. 7310	5020	Bergen
Voss kommune	Pb. 145	5701	Voss
Miljødirektoratet	Pb 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
SNO Aurland			